

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

onsdag 13. februar 2013, kl. 18.00

Det møtte 34 delegatar med røysterett og 2 utan røysterett.

Hanna K. Hekkelstrand opna med eit stev.

Sak 1 Velkomen / opning

Mari S. Lysne ynskte velkomen frå styret.

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Mari gjekk gjennom innkallinga, som vart send ut til alle medlemar den 11. januar.

Vedtak: Innkallinga vart samråystes godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Mari gjekk gjennom saklista, som vart send ut til alle medlemar den 11. januar, og la inn ein matpause etter sak 5 (klokka 19.30)

Desse hadde ordet i saka:

Steinar Kyrkjebø etterlyste kvifor saka han sende for tre år sidan, om organisering av styret, Råd og fonds- og eigedomsstyret, ikkje vert teke opp på årsmøtet. Han sa i organisasjonsnemnda at han ville oppretthalda framleggget.

Mari S. Lysnesvara at verken styret eller organisasjonsnemnda som jobba med dette framleggget og organiseringsmåtar, oppfatta dette som eit direkte framlegg til årsmøte.

Stig Vaular sa også at organisasjonsnemnda oppfatta at Steinar ville kome med eit eige framlegg som sak til årsmøtet, sidan organisasjonsnemnda ikkje støtta framleggget hans.

Torgrim Ljones og Borghild M. Opdahl hadde også ordet i saka.

Vedtak: Saklista vart samråystes godkjend.

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: Arnid Underlid og Øystein Erstad.

Ordstyrarane takka for tilliten.

2.4 val av skrivrarar

Vedtak: Gro Vetås og Aud Vetås.

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: Sigrid Ølmheim og Martin Nessen

2.6 val av teljekorps

Vedtak: Grete Oline Hole og Charlotte Faaberg Johanssen

Sak 3 Årsmelding med arbeidsprogram 2011 - 2012 for Bergen ungdomslag Ervingen

Borghild M. Opdahl la fram saka frå styret.

2012 har vore eit år med stabil aktivitet. Fylkesstemna for born i starten av juni. Arbeidsåret 2012 har dreia seg mykje om økonomi og den økonomiske framtida for laget. Styret har vore innom alle punkta på arbeidsprogrammet, men skulle gjerne gjort meir. Det har vore eit flatt styre utan leiar, men styret har freista å fordela oppgåvene mellom seg. Borghild gjekk også gjennom oppsummeringa av arbeidsprogrammet 2011-2012.

Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen og oppsummering av arbeidet med arbeidsprogrammet for 2011-2012 låg ved sakspapira. .

Tilråding frå Rådet den 29.01.13: *Rådet tilrår godkjenning av årsmeldinga, med nokre språkelege endringar.*

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Mari S. Lysne, Elbjørg Gunnarson, Grete Oline Hole, Borghild M. Opdahl, Astrid Sirnes, Steinar Kyrkjebø, Ole Ekornes, Endre Kleiveland og Brit Sørland.

Eldbjørg Gunnarson og Grete Oline Hole hadde merknad til årsmeldinga pkt 8, og ville ha med i årsmeldinga at fanene ikkje var med i kyrkja på 17. mai. Dei er ikkje einig i styret sitt vedtak om å ikkje stilla i kyrkja med faner 17. mai. Dei meiner at styret har vedteke dette på feil grunnlag, fordi laget er medlem i kyrkjenemndi gjennom Bygdelagsnemnda. Faneborga i Domkyrkja er ei målpolitisk markering, og ei offentleg synleggjering. Dei ber om at styret omformar vedtaket, og vert med i kyrkja med fanene 17. mai, som ein målpolitisk markering.

Styret svarte med at å vere tilstades i kyrkja er ei religiøs markering. Laget er eit mållag, og skal jobba for målsaka på andre arenaer enn i kyrkja. Nytt styre kan ev ta dette opp på eit nytt styremøte.

Det kom ikkje noko konkret framlegg til endring av årsmeldinga, men årsmøtet vart einige om å

Vedtak: senda innspelet over til styre, og vert teke med i arbeidet visare.

Steinar Kyrkjebø etterlyser at det står noko om organisasjonsnemnda sitt arbeid i årsmeldinga.

Vedtak: Styret får fullmakt til å ta med noko om arbeidet og konklusjonen til organisasjonsnemnda.

Årsmøtet fekk ei munnleg melding frå Ervingen Lagsbruk AS ved Øystein Erstad. Aksjeselskapa går godt. Hotelleigedommane går bra og genererer leigeinntekt på omlag 5 mill i året. Det vil seia at hotelldrifta betalar kr. 5 mill til eigedomsselskapet i husleige.

Sandviken brygge hotell, gått i pluss. Bra tilstand i ein konkurranse utsett marknad i Bergen, med ein lang lågsesong i hotellverksemda i Bergen.

Drifta av kulturhusa har gått bra og ein har klart å fornøya og halda vedlike leigeavtalar. Styret er godt fornøgd med driftsmessig resultat. Styret i Hordaheimen ser optimistisk på året som kjem, og vil bruka året til å rusta seg mot nye år og utfordringar.

Styret i Ervingen Lagsbruk AS 2012

Leiar: Øystein Erstad
Nestleiar: Åslaug Trageton
Medlem. Torgrim Ljones

Desse hadde ordet i saka: Astrid Sirnes.

Vedtak:

- a. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2012 for laget, med dei merknadene som kom fram på møtet.
- b. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen Lagsbruk AS til vitande.
- c. Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.

Sak 4 Rekneskap for 2012

Mari la fram saka frå styret, og gjekk gjennom rekneskapen og notane til denne. Særlaga går litt dårleg økonomisk. Barnestemna, koret og ungdomsringen sine reiser gjer at det vert større tal inn og ut i rekneskapen, enn budsjettet. Utgifter på hytta er større enn forventa. Me har betalt for to brannsentralar på eit år, då rekninga for 2011 kom i 2012. Husleige på kr. 98000,- i Gimle, som ikkje var budsjettet med, samt leige av lokale, hotellrom, skular til turar og samlingar er også høgare enn budsjettet. Utgifter til stillingsutlysing og leige av kontorlass var heller ikkje med i budsjettet.

Husleiga i Gimle, 98.000,- vert i 2012 betalt frå pantebrevet. Dette ser me i ballansen, der eiga går ned, fordi pantebrev i Gimle er kr. 98.000,- lågare enn 2011. Fondet har eige rekneskap.

Tilråding frå Rådet 29.01.13: *Rådet tilrår godkjenning av lagsrekneskapen for 2012.*

Øystein Erstad las melding frå revisorane, både for lagsrekneskapen og fondsrekneskapen.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones.

Torgrim Ljones las opp rekneskap og balanse for Reservefondet.

Desse hadde ordet i saka: Annbjørg Fadnes Kyrkjebø.

Vedtak:

- a. Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2012, som gjekk 108.858,00 i underskot. Kr. 98.000,00 av underskotet vert dekka av pantebrevet, og er husleige i Gimle, resten av underskotet vert teke frå eiga.
- b. Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2012 for Reservefondet.

Sak 5 Endring av styringsføresegner for Reservefondet

Borghild la fram saka frå styret. Sakspapira vart send ut til alle medlemane 11. januar, som er meir enn ein månad før årsmøte, i tråd med lovene til laget. Bakgrunnen for endringsframleggjeter at det har vorte klart for styret at ein del inntekter fell bort. Lønsrefusjon frå Ervingen Kulturhus, husleige i Gimle. Har hatt ein del møte saman med Rådet, fonds- og eigedomsstyret og forretningsdrifta, dette er ei konkret løysing som munnar ut av eit møte ein hadde i august.

Kaffi og mat (klokka 19.30 – 19.45)

Årsmøtet song "Tytebæret".

Astrid og Borghild holt tale til Annbjørg og overrekte gåve. Snakka om tida i laget, og oppstarten og arbeidsplassen hennar, og fram til no.

Annbjørg takka for tale og gåve.

Tilråding frå Rådet, 29.01.13: *Rådet tilrår endringsframlegget frå styret.*

Vedtak:

Årsmøtet vedtek framlegget til endringar i styringsføresegner for Reservefondet.

Sak 6 Arbeidsprogram 2013-2014

Sverre M. Sundvor la fram saka frå styret, og gjekk gjennom punkta i arbeidsprogrammet.

Desse hadde ordet i saka: Sigrid Ølmheim, Mari S. Lysne, Torgrim Ljones og Øystein Ask.

Vedtak:

Årsmøtet vedtok framlegg til arbeidsprogram for 2013 - 2014.

Sak 7 Budsjett 2013

Borghild la fram saka, og gjorde greie for budsjettet og resultatet. I arbeidt med budsjettet har styret gått ut frå dei ulike særleta sine innsende budsjett. Styret har teke med dette, og sett inn tal for hovudlaget. Underskot på kr. 385.000,-

Det er viktig for styret å legga fram eit reelt budsjett. Budsjettet reflekterer aktivitetene som ein har hatt i 2012. Slike underskot kan ein ikkje leva med i lengda.

98.000,- vert skrive av pantebrevet i 2013. I 2014 kan ein berre skriva av dei resterande 50.000 frå pantebrevet, resten må ein ta frå drifta.

Styret har kutta ned i % på stillinga på kontoret, og tilsett ein ny rekneskapsførar.

Styret treng overføringer frå forretningsdrifta. Styret har søkt om større løyvingar frå lagsbruket. Kanskje tida er mogen for å tenkja nyt i høve AS og dei store verdiane som me har på papiret. Raskt etter årsmøtet kjem styret og Rådet saman og lagar ein meir langsiktig plan. Håpar 2013 er eit "mellomår", der ein enno ikkje har kome i hamn der ein håpar at økonomien skal vera.

Tilråding frå Rådet 29.01.13: *Rådet tilrår godkjenning av budsjettet for 2013, med eit budsjettet underskot på kr 385 328,-*

Desse hadde ordet i saka: Astrid Sirnes, Steinar Kyrkjebø, Øystein Erstad, Eli Randmo, Torgrim Ljones, Steinar Kyrkjebø, Borghild M. Opdahl, Mari S. Lysne og Stig Vaular.

Vedtak:

Årsmøtet vedtok framlegg til budsjett for 2013.

Sak 8 Medlemspengar 2014

Birgit Å. Mjeldheim la fram saka.

Vedtak:

Medlemspengar 2014:

Vaksne	kr 700	(inga endring)
Ungdom t.o.m. 26 år	kr 500	(inga endring)
Barn t.o.m. 14 år	kr 450	(inga endring)

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemmar som deltek på ein eller fleire faste øvinga i laget; kr. 100,- pr. halvår.

Sak 9 Fråsegner

Ingen innkomne fråsegner.

Sak 10 Val

Sigrid Ølmheim frå valnemnda la fram saka. Valnemnda har jobba godt i tre månader. Det er mange tillitsverv som skal fyllast. Lista over framlegg til tillitsvalde manglar styreleiar ev femte styremedlem, alle andre verv er folk i. Det er særleg vanskeleg å finna folk til styret. Dette er bekymringsverdig. Valnemnda takka alle som stiller, og innstiller på fire styremedlemar, flatt styre og ingen leiar.

Desse hadde ordet i saka: Borghild M. Opdahl, Endre Kleiveland, Torgrim Ljones, Ole B. Ekernes og Bjørn Feltens.

Ordstyrarane ynskjer å gjennomføra valet, sjølv om ein manglar leiar. Styret ynskjer at ein brukar to verker til, og utset valet til framhald av årsmøtet om to veker. Ein bør ha fem styremedlemar; det er store og tunge saker i året som kjem. Styret er sårbart, det har ein sett i løpet av året som har gått.

Framlegg om å utsetta valet om 14 dagar.

Vedtak: Årsmøtet tek pause til onsdag 27. februar, og utset valet til då. (i alle fall finna fem styremedlemar), klokka 18.00.

30 for å utsetja møtet

4 mot å utsetja møtet

Styret skulle eigentleg presentera den nye tilsette, men ho kunne dverre ikkje koma. Den nye tilsette i 25% stilling som økonomimedarbeidar er Hilde Pettersen, 42 år, frå Fyllingsdalen.

Borghild takka for møtet, og ynskte velkommen til framhald av årsmøtet 27. februar klokka 18.00.

Møtet slutt klokka. 21.10

Framhald av årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen onsdag 27. februar 2013, kl. 18.00

Det møtte 22 delegatar med røysterett og 2 utan røysterett.

Sak 10 Val

Arvid ynska velkommen til framhald av årsmøtet, grunna at valnemnda skulle få to veker ekstra til å komplettera lista over framlegg til tillitsvalde, og gav ordet til valnemnda. Sigrid Ølmheim frå valnemnda la fram saka. Valnemnda har ikkje lukkast i å finna ein leiarkandidat, og har heller ikkje funne ein styremedlem som vil sitja heile perioden på eit år. Dei har difor vald å dela eit styreverv på to personar, ein tom juli og ein fom august. Valnemnda la fram eit framlegg med flat styre, utan leiars.

Desse hadde ordet i saka: Borghild M. Opdahl, Endre Kleiveland, Rigmor N. Vaular, Stig Vaular, Sverre M. Sundvor og Steinar Kyrkjebø.

Borghild meinte at det var uheldig valnemnda hadde innstilt Torbjørn B. Lauen var innstilt i både styret og valnemnda. Det står ikkje noko om dette i lova til laget, men det er vanleg praksis at ein ikkje sit i begge verva.

Borghild foreslo Rigmor N. Vaular til medlem i valnemnda i staden for Torbjørn B. Lauen.

8 stk stemde for Torbjørn, medan 10 stk stemde for Rigmor.

Vedtak:

Lagsstyret

Styremedlem	Mari Skjerdal Lysne	ikkje på val, 1 år att
Styremedlem	Birgit Årdalsbakke Mjeldheim	ikkje på val, 1 år att
Styremedlem	Borghild Marie Opdahl	på val, 2 år
Styremedlem	Øyvind Vatshelle	på val, 2 år
Styremedlem	Sverre M. Sundvor (tom juli)	på val 1 år
Styremedlem	Torbjørn B. Lauen (fom august)	på val 1 år
Varamedlem	Inger Johanne Bolstad	på val, 1 år
Varamedlem	Marianne Pedersen	på val, 1 år
Varamedlem	Gry Nørjordet	på val, 1 år

Rådet

Leiar	Astrid Sirnes	på val, 1 år
-------	---------------	--------------

Medlem	Aud Fjeld	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ole Ekornes	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Eli Randmo	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Henry Myrdal	på val, 2 år
Medlem	Stig Indrebø	på val, 2 år
Medlem	Ingunn Skjelvan	på val, 2 år
Varamedlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø	på val, 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	på val, 1 år
Varamedlem	Endre Brunstad	på val, 1 år

Fond- og eigedomsstyret

Leiar	Frode Myhra	på val, 1 år
Medlem	Brit Sørland	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Torgrim Ljones	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Endre Kleiveland	på val, 2 år
Medlem	Sverre Moklev Sundvor	på val, 2 år

Folkedanslaget

Leiar	Sigrid Ølmheim	på val, 1 år
Medlem	Hanna Kvalheim Hekkelstrand	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Silja Solvang	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Brynjulf Langballe	På val, 2 år
Medlem	Maren Sofie Løfsgård	på val, 2 år

Ungdomsgruppa

Medlem	Borghild Marie Opdahl	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Birgit Årdalsbakke Mjeldheim	på val, 2 år
Medlem	Maria Nordås	på val, 2 år

Barnelaget

Leiar	Torbjørn Haukås	på val, 1 år
Medlem	Edit Bugge	på val, 2 år
Medlem	Iris Arna Walderhaug	utfyllingsval, 1 år

Kor e Tonen

Leiar	Bjørn Feltens	på val, 1 år
Medlem	Martina Skauge	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Charlotte Faaberg Johansen	på val, 2 år
Vara	Einar Adachi	på val, 1 år
Vara	Karin Blomgren	på val, 1 år

Teaterlaget

Leiar	Sverre Espeland	på val, 1 år
Medlem	Ben-Ove Vedøy	ikkje på val, 1 år att

Medlem	Kristin Mills	på val, 2 år
Spelmannslaget		
Medlem	Svein I. Støve	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Sissel Ingunn Husby Nordstad	på val, 2 år
Medlem	Ida Marie Rongsvåg	ikkje på val, 1 år att
Gimlingane		
Medlem	Gunn Wergeland	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Laila Årdal	på val, 2 år
Blad- og blestnemnda		
Leiar	Hanna Kvalheim Hekkelstrand	på val, 1 år
Medlem	Maria Skjeldrum Toppe	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Emma Alexandre Lirhus Miro	på val, 2 år
Medlem	Nina Blågestad	på val, 2 år
Medlem	Sigrid Ølmheim	utfyllingsval, 1 år
Hyttenemnda		
Medlem	Knut Malkenes	på val, 2 år
Medlem	Berit H. Lappégård	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Hans Nyeggen	på val, 2 år
Representantar til Rådet i Bygdelagsnemndi		
Repr.	Eldbjørg Gunnarson	på val, 1 år
Repr.	Endre Brunstad	på val, 1 år
Vara	Rigmor Nesheim Vaular	på val, 1 år
Ettersyn		
	Halvor Røyset	på val, 1 år
	Lars Olav Tveita	på val, 1 år
Vara	Einar Moberg Heggland	på val, 1 år
Valnemnda		
Leiar	Sigrid Ølmheim	på val, 1 år
Medlem	Ingvild Hovland	på val, 1 år
Medlem	Sverre Moklev Sundvor	på val, 1 år
Medlem	Rigmor N. Vaular	på val, 1 år
Medlem	Martin Nessen	på val, 1 år

Utsendingar til ulike årsmøte og landsmøte:

Styret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Arnvid og Borghild takka for oppmøtet og heva møtet.

Møtet slutt kl. 18.30

Skrivarar: Gro Vetås og Aud Vetås.

Martin J. Nessen

Martin J. Nessen

Sigrid Ølmheim

Sigrid Ølmheim